



Reknes Eiendom AS
Masfjordvegen 187
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1294 - 22/19345

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
08.03.2022

Løyve til reseksjonering - gbnr 134/263 Hilland

Administrativt vedtak: Saknr: 251/22

VEDTAK:

Med heimel i §20 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om reseksjonering av 2 seksjonar for sameiet «gnr. 134. bnr 263-Hilland», på grunnlag av søknad med vedlegg planteikningar og samtykke til reseksjonering.

Seksjonane 1-6 i dette sameiget er bustadseksjonar- fordelt på 3 bustadbygg med 2 seksjonar i kvart bygg. Kvar eigarseksjon har sameigebrøken 1/6.

Seksjoneringa går ut på å slå saman seksjon 6 med seksjon 5, slik at eine bustadbygget berre utgjer 1 eigarseksjon. Ny sameigebrøk til seksjon 5 vert 2/6.

Reseksjoneringa av eigedommen gbnr 134/263 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 01.02.22, om reseksjonering av eigedommen gbnr 134/263 med adressene Radøyvegen 49A-F.

På eigedommen er det oppført 3 einébustader med utleigebueining i underetasjen. Desse 6 bueingane er seksjonert med like andelar-1/6 kvar. Kjøpar til bygg nr 3 med seksjon 5 og 6 ynskjer kjøpa begge seksjonane, og ynskjer desse slått saman til 1 eigarseksjon.

Vurdering

Søknad om reseksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Planteikningar av bygg 3 som inneheld seksjon 5 og 6. (6 vedlegg). Desse viser både fasadar og 1. plan og 2. plan av bustadbygget.
- Søknaden er signert av alle seksjonseigarane i sameiget, og innsendar er Reknes Byggjevarer L.L
- Panthavar Fana sparebank har samtykka til reseksjoneringa.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §20.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 4.1.7 er gebyret for reseksjonering av 2-4 seksjonar kr 12.300,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Regelverk

- Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/1294»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om reseksjonering gbnr 134-263- godkjent
Tekningar
Samtykke til reseksjonering Fana Sparebank

Kopi til:

Jogeir Kårdal	Radøyvegen 49F	5911	Alversund
Linn Helen Erstad	Radøyvegen 49E	5911	Alversund
Silja Rebnord Matre	Radøyvegen 49A	5911	Alversund
Torgeir Fjeld Alver	Radøyvegen 49E	5911	Alversund

Mottakarar:

Reknes Eiendom AS	Masfjordvegen 187	5986	Hosteland
-------------------	-------------------	------	-----------